

Noregs Ungdomslag

Landsstemna og årsmøtet 1973

28.juni—1.juli

# KVINNHERAD

HUSNES

OMVIKDALEN

ROSENDAL

USKEDALEN



## VELKOMEN TIL KVINNHERAD

Då Noregs Ungdomslag fastsette at årsmøtet og landsstemna 1973 skulle leggjast til Kvinnherad, så var dette ei sak som ikkje berre hadde interesse i dei fire ungdomslaga som skal stå for arrangementa lokalt. Det var noko som opptok og framleis opptar den kommunale leiinga i Kvinnherad.

Laga har teke på seg eit stort løft som vi må ha respekt for, og samstundes har laga lagt for dagen ein samarbeidsvilje som ein på kommunalt hald må gleda seg mykje over.

Som ordførar er det mi kjærkomne plikt å ynskja alle som skal delta i årsmøte og stemne velkomne til Kvinnherad, og det er mi von at de her vil finna noko av verdi å ta med dykk heim.

Kvinnherad er rik på historie og har sterk tradisjon når det gjeld bygdekultur, men nye tider er også komne hit. Det er brytingstid i kommunen vår, men vi vonar framleis på ein harmonisk vekst der det beste i nytt og gamalt vil rå grunnen i bygdeutviklinga.

Det frilynde ungdomsarbeidet har sterke røter i Kvinnherad, og har vore ein viktig lekk i kulturutviklinga i snart eit sekel. Denne tradisjonen kan koma til nytte når Kvinnherad-ungdomen no har teke på seg å stå for den årlege storhendinga i Noregs Ungdomslag.

Frå kommunalt hald seier vi oss glade for den tillit og ære som er vist Kvinnherad, og det er med dei aller beste ynskje for NU, fylkeslaget og Kvinnherad-laga om eit vellukka arrangement at vi etter ynskjer velkommen til glade og positive stemnedagar i Kvinnherad.

*Jens Arnesen  
ordførar*



*Uskedalen, der hovudstemna skal vera.*

## HELSING FRÅ HOVUDNEMNDA

Det er 13 år sidan årsmøtet og NU-stemna sist var i Hordaland Ungdomslag. Denne gongen er det Kvinnherad som får æra av å taka mot stemna.

Fire av ungdomslaga i Kvinnherad har gått saman om tilskipinga. Laga er Husnes ungdomslag, Omvikdalen ungdomslag, Rosendal ungdomslag og Uskedalen ungdomslag.

Det er fyrste gongen at stemna er lagt til Kvinnherad. Når fire ungdomslag denne gongen går saman om tilskipinga, kjem det fyrst og fremst av at desse bygdene her — og laga — er for små til å taka på seg ei så stor oppgåve kvar for seg.

Den frilynte ungdomsrørsla har lang tradisjon her. To av laga er 25 år i år, og fylkeslaget har 75 års jubileum. Dette er ein av grunnane til at stemna er lagt til

oss. Vi meiner at vi på den måten og kan få markera våre jubileum med å vera stemnetilskipar for lands-samskipnaden vår.

Stemnenemnda har funne det rettast at dei ymse tilstellingar vert delte på dei fire bygdene: Husnes, Omvikdalen (Dimmelsvik), Rosendal og Uskedalen. Avstanden mellom dei er ikkje så stor at det skal skapa vanskar.

Vi vonar på ei gild og minnerik stemna og ynskjer at mange gamle og nye ungdomar frå heile landet vil samlast i Kvinnherad i dagane 27. juni — 1. juli til arbeid og fest.

Velkomne skal de vera.

Hovudnemnda

*Bjørgulv Eik*

formann

## (Hugsar du?)

årsmøtevedtaket frå Stryn i fjar om sterkare interesse for lokalsamfunnet?

No har du sjansen til å følgje opp dette ved å nytte opplegget

### *Lokalsamfunnet i brennpunktet*

som gir deg mange gode tips om spørsmål og problem du møter dagleg.

Ting opplegget i dag hos

**NOREGS**

**UNGDOMSLAG**

Kr. Augustsgt. 14, Oslo 1.

## SAMANDRAG AV STEMNEPROGRAMMET

Onsdag 27/6:

Kl. 20.00 Mottakingsfest i Husnes Samfunnshus.

Torsdag 28/6:

Kl. 10.00 Opning av årsmøtet i Husnes Samfunnshus.  
Turar.

- « 19.30 Kvinnheradkveld ved fjorden i Omvikdalen.
- « 22.00 Leik og dans i Rosendal Samfunnshus, dans i Omvikdalen ungdomshus. Natteater i Uskedalen.

Fredag 29/6:

Kl. 09.00 Årsmøtet held fram i Husnes.  
Turar, omvisning.

Amatørteater i Husnes skule.

- « 20.00 Amatørmønstring og leik og dans i Husnes skule.  
Leik og dans i Husnes Samfunnshus.  
Natteater.

Laurdag 30/6:

Kl. 09.00 Årsmøtet held fram.

« 16.00 Bilkortesje til Rosendal.

« 17.30 Bunadstoget stiller ved Rosendal ungdomsskule.

« 18.00 Toget går gjennom Rosendal.

« 19.00 Hagefest ved Rosendal Baroni.

« 21.00 Leik-fest i Rosendal Samfunnshus.

Asfaltdans ved Rosendal ungdomsskule.

Dans i Husnes Samfunnshus.

Sundag 1/7:

Kl. 11.00 Stemnegudsteneste i Uskedalen.

« 14.00 Stemnetoget stiller opp.

« 14.30 Stemnetog gjennom Uskedalen.

« 15.30 Hovudstemna i Uskedalen.

« 20.00 Skalkefest med finale i «Kven veit»-tevlinga i Husnes skule.

Etterpå leik og dans.

« 21.00 Leik og dans i Husnes Samfunnshus.

Opplysningar om turar kjem seinare.

## OM PÄMELDING

Les dette før du fyller ut postgiroblanketten.

### PÄMELDING:

Landsstemna 1973 skal vera i Kvinnherad i tida 27. juni — 1. juli. Kvar stemnedeltakar skal fylla ut ein postgiroblankett (familiar nyttar likevel berre ein blan-kett).

Vil ein bu saman med andre, må ein gjera merknad om dette på blanketten.

### FRIST:

Pämeldingsfristen er sett til 1. juni. For dei som skal bu i telt er fristen 15. juni.

### STEMNEAVGIFT:

Stemneavgifta er kr. 35,— og må betalast saman med pämeldinga av alle som vil ha tilvist overnatningsplass gjennom stemnekontoret (sjå postgiroblanketten), eller som vil tinga billettar på førehand. Vert ein hindra frå å koma til stemna, og melder frå om dette før 25. juni, vil ein få tilbakebetalt stemneavgifta.

### BILLETTMODERASJON:

Betalt stemneavgift gjev rett til 25 pst. moderasjon på alle billettar som blir tinga ved pämeldinga, likevel slik at prisen blir runda av oppover til nærmeste heile kroner.

Betalt stemneavgift gjev og rett til fritt tilgjenge til hovudstemna sundag.

Alle tilskipingane som det blir gjeve moderasjon for, er første opp med vanleg pris og moderasjonspris på annan stad i denne brosjyren.

Førehandstinga billettar skal betalast ved frammøte på stemnekontoret. Stemnenemnda kan selja billettar som ikkje er henta seinast 2 timer før første tilskiping som det er tinga billettar til.

Betalt stemneavgift gjev rett til berre ein moderasjonsbillett pr. tilskiping. Då det ikkje skal betalast stemneavgift for barn, kan foreldre likevel få moderasjonspris for fleire barn. Blir ei tilskiping fullteikna, får dei billett som var først ute med tinginga.

## STEMNEKONTOR:

Stemnekontoret skal vera i Samfunnshuset på Husnes og opnar onsdag kl. 12.00. Stemnedeltakarane får her alle opplysningar, hentar billettar og får tilvist husrom eller teltplass.

Dei som har tinga billettar og/eller skal ha tilvist husrom, må kontakte stemnekontoret straks dei kjem.

Det blir ein innkvarteringsfilial i Samfunnshuset i Rosendal. Dei som kjem til Kvinnherad med ferja frå Gjermundshamn til Løfallstrand, vil då kunna venda seg dit for å få tilvist husrom eller teltplass. Dei må seinast neste dag kontakte stemnekontoret på Husnes for å henta billettar, betale for husvære m.m.

Stemnekontoret på Husnes kan ta vare på verdisaker for stemnedeltakarane. Det er då særleg tenkt på dei som bur i telt eller på sovesalar.

*A. Bjelland*

## BILLETTPENGAR

	Vanleg pris	Moderasjon
Mottakingsfest	kr. 15,—	kr. 12,—
Kvinnheradkveld	« 10,—	« 8,—
Amatørteater Husnes	« 5,—	
Amatørmönstring	« 15,—	« 12,—
Natt-teater Uskedalen	« 8,—	« 6,—
Åhagefest	« 10,-(5,-)	8,-(4,-)
Leikfest	« 15,—	« 12,—
Asfaltfest	« 15,—	« 12,—
Hovudstemna	« 5,—	Fri
Skalkefest	« 20,—	
Leik og dans Husnes	« 10,—	

## SENDEMENN TIL ÅRSMØTET I NU

Fylkeslag med opp til 1000 — eitt tusen — medlemmer kan velje 3 sendemenn, større lag 1 meir for kvart påbyrja tusen. Einskildlag med opp til 100 — eitt hundre — medlemmer kan velje 2 sendemenn, større lag 1 meir for kvart påbyrja nytt hundre. Sendemann frå fylkeslag skal veljast på årsmøtet i fylkeslaget. Dersom praktiske grunnar hindrar dette, kan dei veljast av styret. Sendemann frå einskildlag skal veljast på eit lagsmøte.

Fylkeslag og einskildlag som ikkje har sendt årsmelding, har ikkje sendemannsrett.

I tillegg til dei vanlege innmeldingspengane betalar utsendingane til årsmøtet eit tilskot til reiseutjamningskassa. Utsendingar som har større reiseutlegg enn dei fastsette medelutgiftene rekna frå ein fastlagd stad i kvart fylkeslag med II. kl. tog, buss eller II. kl. båt, får skilnaden utbetaadt på årsmøtet. Utgiftene til soveplass, overnatting og kost på reise blir ikkje rekna med. Styret fastset kvart år medelkostnaden og kor stort tilskot utsendingane skal betale inn.

Tilskotet til reiseutjamningskassa skal sendast til Noregs Ungdomslag, postgiro 13283, Oslo, saman med fullmaktene.

Utsendingar som skal ha utbetaadt tilskot får pengane på årsmøtet. Det blir ikkje levert ut røystesetlar utan at det er betalt tilskot til reiseutjamningskassa.

OBS! Hugs å føre på adressene til dei som står på sendemannsfullmakta. Då kan NU-kontoret sende årsmelding og anna tilfang beinveges til utsendingane.

## SENDEMANNSFULLMAKTER

1. Sendemannsfullmaktene skal vere underskrivne av formannen. Dei må sendast inn til fastsett tid, og skal fortelje når og korleis sendemennene er valde.

2. Ingen kan vere sendemann frå ungdomslag der han ikkje er medlem, og heller ikkje kan nokon vere sendemann frå andre ungdomslag enn det han høyrer naturleg heime i — eller — er aktivt med i.

3. Når tvingande grunnar gjer det naudsynt å vike frå valreglane, må dette opplysts i fullmakta. Årsmøtet i Noregs Ungdomslag avgjer om slike fullmakter skal godkjennast.

Til Noregs Ungdomslag, Kr. Augustsgt. 14, Oslo 1.

## SENDEMANNSFULLMAKT

.....ungdomslag i .....  
(namnet åt fylkeslaget)

som har .....lagsfolk, har på .....møte den .....  
(kva slag møte)

valt desse utsendingane til årsmøtet i Noregs Ungdomslag for 19.... og dei får med dette fullmakt til å røyste for vårt lag.

Namn	Adresse
1.	.....
2.	.....
3.	.....
4.	.....
5.	.....
6.	.....
7.	.....
8.	.....
9.	.....
10.	.....

NU-kontoret fråskriv seg ansvaret for at utsendingar ikkje får tilsendt årsmøtetilfang på førehand dersom adressene til utsendingane ikkje er påførte her.

Til reiseutjamningskassa, postgiro 13283, er det sendt kr. 50,— pr. utsending.

.....den .....

.....formann

Denne fullmakta må vere komen til Noregs Ungdomslag før 20. juni. Berre dei som er førde opp som sendemann eller varamenn og har betalt tilskot til reiseutjamningskassen vil få utlevert røystesetlar.



## Husker De den første pokalen?

Husker De dimensjonene i dette historiske øyeblikk? Og gleden, stoltheten... Men der lå innsats bak. Man får ingen ting gratis her i livet.

Man kan klare nær sagt hva som helst, bare man satser tilstrekkelig. Ofte trengs penger for å nå målet. Setter De Dem føre å spare noen tusenlapper, greier De det. Det første skritt er turen innom Creditbanken. Vi hjelper Dem å finne den mest gunstige spareformen for Dem. Eventuelt kombinere sparingen med et lån, så De fortære kommer frem til målet. Lykke til – og velkommen innom!

**Den norske Creditbank  
gir bedre råd**

DALSEG  
ERVACO

## OM INNKVARTERING

Kontor- og innkvarteringsnemnda for Landsstemna 1973 i Kvinnherad tilbyr husvære for dei som kjem til stemna. Me kan vanskeleg stette alle ynskje fullt ut, men vonar at dei fleste blir nøgde.

Stemna er denne gongen meir desentralisert enn vanleg ved at dei større tilskipingane vekslar mellom 4 bygder. Køyretida mellom ytterkantane i stemneområdet er likevel berre om lag 30 minuttar, og for dei som ikkje har eigen bil, blir det sytt for transport.

Stemnedeltakarane blir innkvarterte langs heile strekninga, og alle skulle dermed bu sentralt i høve til minst ei tilskiping. Dei fleste blir likevel innkvartert nær Husnes, der stemnekontoret og årsmøtesalen skal vera.

Av husvære nemner me:

### HOTELL/MOTELL:

Stemnenemnda har nokre få rom, enkle eller doble eventuelt med ekstra seng. Prisar kr. 57,— for enkle, kr. 94,— for doble og kr. 20,— for ekstra seng.

### PENSJONAT:

Her har me ein del rom i Uskedalen og Rosendal. Prisar kr. 20,—, 30,— for enkle og kr. 35,—, 60,— for doble og 3 sengsrom.

### CAMPINGHYTTER:

Me har sikra oss dei hyttene som er i området, i alt 17 med 68 senger.

Pris pr. hytte pr. døger kr. 35,—, 40,—. Kvar hytte har plass til 4 personar. Soveposar må takast med. Dei som ynskjer å stella seg sjølve med mat, må ta med kokekar.

### PRIVAT:

For dei som ynskjer privat innkvartering kan me tilby seng til ein fast pris, kr. 18,— pr. person pr. døger.

### SOVESAL:

Her er det godt om plass, men diverre ingen senger. Dei som ynskjer å liggja på sovesal må derfor ta med luftmadrass og sovepose.

Overnattingsprisen er kr. 30,— *for alle stemnedagane.*

Dei som på førehand har tinga husvære må betale for heile den tida, sjølv om dei ikkje møter til rett tid. Dei som reiser til stemna i eigen buss, må senda Kontor- og Innkvarteringsnemnda ei liste over dei som køyrer saman.

### TELTPLASSEN

Omt. lag 500 m frå årsmøtelokalet på Husnes ligg *teltplassen*. Ein stor del av dei stemnedeltakarane som vil bu i telt stemnedagane, kan få plass her.

Teltplassavgifta blir kr. 15,— pr. person for alle dagane.

Me viser elles til vanlege campingplassar i Uskedalen og Rosendal.

### KORLEIS KJEM DU TIL KVINNHERAD?

Same kvar du kjem frå i landet må du reisa med ferje eller båt for å koma til Kvinnherad.

Kjem du nordfrå, kan du koma til Kvinnherad ved å reisa over Sognefjellet og Vikafjellet gjennom Voss til Gjermundshamn. Frå Gjermundshamn går det ferje til Løfallstrand.

Kjem du frå nord eller aust i landet og nyttar deg av tog, båt eller fly, må du helst om Bergen. Frå Bergen går det både buss, rutebåt og hydrofoil til Kvinnherad. Når du kjem til Kvinnherad, nyttar du bussen dit du ønskjer i kommunen.

Kjem du frå sør i landet, kan du også reise om Bergen. Du kan også kome til Kvinnherad ved å ta rutegåande buss og ferje om Haugesund til Valevåg—Leirvik—Sunde.

Kjem du i bil over Hardangervidda, over Haukeli eller frå Sørlandet over Stavanger, fører vegane til Skånevik. Der er det ferjesamband med Utåker.

Du finn  
Sparebankane  
1200 stader  
i Noreg

*Du som skal reisa —  
vel ein Sparebank*



**Kvinnherad Sparebank**

Ein aktiv og moderne bygdebank  
til teneste 27 stader i Kvinnherad

UNGDOMSHUS OG ANDRE HUS  
BØR TRYGDAST MOT BRANN

BILEN SKAL VEL OGSÅ TRYGDAST?

Kvifor då ikkje gjennom

# Norsk Trygdeagentur

Eit agentur der  
**NOREGS  
UNGDOMSLAG**  
er med.

Skriv til  
**Norsk  
Trygdeagentur**  
adresse Noregs Ungdomslag,  
Kristian Augustsgt. 14,  
Oslo 1.

# JON LEIRFALLS

## suksessar

---

1969

### Meierifesten

Sant og usant frå Trøndelag  
76 sider. Kr. 15,00

**40.000**

1970

### Så seier soga

Illustrert av Audun Hetland  
98 sider. Kr. 19,00

**90.000**

### Stormaskina

Frå bygdelivet i gammeltida  
132 sider. Innb. kr. 29,00

**8.000**

1971

### Soga om det store

### mannefallet

Illustrert av Audun Hetland  
112 sider. Kr. 22,00

**130.000**

1973

### Soga om

### Trygves fall

Illustrert av Audun Hetland  
96 sider. Kr. 23,00

**100.000**

### Samlaget

